

# Innspel til Kommundelplan for vatn, avlaup og overvatn

## Innhold

<b>Slik les du dokumentet:</b> .....	2
<b>Innspel frå private, velforeningar og næringsliv:</b> .....	2
<b>Frå.....</b>	3
Vardevegen velforening .....	3
Dala & Dalseidet velforening v/Edmund Henden .....	3
Atle Saure Lokøy .....	4
Frode Ims.....	4
Frede Thorsheim .....	5
Odd Bjarne Skogestad .....	5
Misje vasslag v/Robert Mikkelsen og Misje bygdelag v/ Maren Palmesen .....	6
Dala & Dalseidet velforening v/Jan Erik Dale .....	6
Dala og Dalseidet velforening v/Connie Kirsborg Henden .....	6
Stine Waagsbø Lillebø .....	7
Turøy Grendalag v/Jarle Ones Thorstensen og Tor Glistrup .....	8
Marin Eide AS .....	10
Sverre Lorentz Bungum .....	10
Klokkarvik Grendalag, Sund Kystlag, Klokkarvik Båtlag.....	11
<b>Merknader frå offentlege myndigheter.....</b>	11

Statsforvaltaren i Vestland .....	12
Vest Vannområde .....	13
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) .....	13
Vestland fylkeskommune .....	13
<b>Samla tilrådning frå Kommunedirektøren til endringar i plan etter høyringsperiode:</b> .....	14

### **Slik les du dokumentet:**

Dette dokumentet gir ei oppsummering av alle innspela som er kome i høyringsperioden. På venstre side av tabellen finn du ei oppsummering av innspela, og i høgre kolonne av tabellen kan du lesa korleis kommunedirektøren vurderer innspelet og behovet for å gjera endringar. Dei faktiske endringane som Kommunedirektøren tilrår er samla til slutt i dokumentet.

Kommunedirektøren vil takka for alle innspel som er komne, og meiner at høyringa har bidrege til ein samla sett betre plan.

### **Innspel frå private, velforeningar og næringsliv:**

<b>Frå</b>	<b>Merknad/innspel</b>	<b>Kommentar frå kommunedirektøren</b>
Vardevegen velforening	<p>Merknad sendt på vegne av Vardevegen velforening som omfattar 19 bustader i tillegg til Læringsverkstedet barnehage.</p> <p>Er i dag kopla til offentleg avlaup via privat kloakkpumpe. Pumpa er dyr i drift og nærmar seg slutten av forventa levetid. Ønskjer å kople på spillvatn med sjølvfall til offentleg kum som ligg 90 meter lenger sør. Denne kummen må gjerast operativ at tiltaket skal kunne gjennomførast. Gjeld investeringstiltak 42; Botnafjellet, Straume – borehol til ny APS Stekervika.</p> <p>Ønskjer å kople privat spillvatn til offentleg kum Straumsfjellet</p>	Tiltaket er inkludert i planen som eit prioritert tiltak. Om denne skal prioriterast på eit seinare tidpunkt er avhengig av anna utbygging i same område.
Dala & Dalseidet velforening v/Edmund Henden	<p>Mange bustader på Dala har problem med vasskvaliteten frå private borehol. Vatnet er brunt og illeluktande. Viser til gamal communal bossfylling og massetipp i området, som har vore med å forverra vasskvaliteten.</p> <p>Ber om at framføring av offentleg vatn inn til området vert prioritert.</p>	Tiltak 44 er flytta frå prioritert til prioritert tiltak.

Atle Saure Lokøy	<p>Har to innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjeld uprioritert tiltak U24. Ønskjer at tiltaket vert prioritert og at offentleg vatn ved Misje skule vert ført nordover og sørøver langs kommunal veg for påkopling av bustader som i dag har privat løysing.</li> <li>- Viser til mange private avlaupsanlegg på Misje og därleg evne til sjølvreinsing ved utsleppspunkt til sjø på austsida. Fører til kloakk i nærområda noko som ikkje innbyr til barneleik i fjøra eller bading i sjø. Oppmodar til jamnleg kartlegging av miljøtilstand og samarbeid for å gjennomføre tiltak som betrar miljøtilstanden.</li> </ul>	<p>Tiltak U24 vert ikkje prioritert i planperioden. For bustader som manglar tilkopling til kommunalt leidningsnett er det mogleg å gå sammen om å anlegga privat anlegg for å kople seg på.</p>
Frode Ims	<p>Oppfordrar sterkt til at Misje og uprioritert tiltak i plan U24 blir gjort om til eit prioritert tiltak.</p> <p>Peikar og på mangel på kommunalt reinseanlegg for bygda og meiner kommunen sine strategiar om avlaup i planen tilseier prioritering av eit slikt anlegg i Misjeområdet.</p>	<p>Tiltak U24 vert ikkje prioritert i planperioden. For bustader som manglar tilkopling til kommunalt leidningsnett er det mogleg å gå sama om å anlegga privat anlegg for å kople seg på.</p>

Frede Thorsheim	<p>Ber om at uprioritert tiltak med framføring av ny vassleidning frå Søre Fjell til Krossleitet blir med på lista over prioriterte tiltak. Viser til at dei har venta på offentleg vatn i 40 år og privat løysing med borehol ikkje lenger er tilstrekkeleg, verken i forhold til kapasitet eller kvalitet. Det er dumpa massar på deponi i nærleiken og kommunen har dumpa kostesand i nærområdet til borehol, noko dei meiner må innebera ei forplikting for kommunen til å prioritere framføring av offentleg vatn.</p>	<p>Tiltaket er inkludert i planen som eit uprioritert tiltak. Om denne skal prioriterast på eit seinare tidpunkt er avhengig av oppstart av prosjekt med ny veg.</p>
Odd Bjarne Skogestad	<p>Har to innspel til plan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ber om at ØyVAR AS vurderer strekninga frå kryssset Ebbesvikvegen/Snekkevegen til Holtet inn som prioritert tiltak i ny plan.</li> <li>- Stiller spørsmål om kva ansvar kommunen har for innbyggjarar som ikkje har tilgang på kommunalt vatn. Har kommunen ansvar for at desse har vatn dersom ein privat brønn eller privat borehol kollapsar?</li> </ul>	<p>Tiltaket er eit mindre tiltak for få bustader og blir ikkje prioritert i planperioden.</p> <p>Det er ikkje eit kommunalt ansvar å få fram vatn til bustader som ikkje er tilkopla kommunalt nett frå før.</p>

Misje vasslag v/Robert Mikkelsen og Misje bygdelag v/ Maren Palmesen	Ber om at uprioritert tiltak U24 kjem inn på den prioriterte lista.  Deler av husstandane på Misje får tilført kommunalt vatn via privat vassleidning ført i sjø frå Solsvik. Me ber om å få etablert eit nyt forsyningsnett til dei aktuelle husstandane, med utgangspunkt i vassforsyning som er ført fram til Misje skule slik det er indikert i tiltak U24.  Ønskjer og meir opplysningar om kva det prioriterte tiltaket «2-vegs vassforsyning Dalekletten – Ågotnes» omfattar.	Tiltak U24 vert ikkje prioritert i planperioden. For bustader som manglar tilkopling til kommunalt leidningsnett er det mogleg å gå sama om å anlegga privat anlegg for å kople seg på.
Dala & Dalseidet velforening v/Jan Erik Dale	Mange bustader på Dala har problem med vasskvaliteten frå private borehol. Vatnet er brunt og illeluktande. Viser til gamal kommunal bossfylling og massetipp i området, som har vore med å forverra vasskvaliteten.  Ber om at framføring av offentleg vatn inn til området vert prioritert.	Tiltak 44 er flytta frå uprioritert til prioritert tiltak.
Dala og Dalseidet velforening v/Connie Kirsborg Henden	Mange bustader på Dala har problem med vasskvaliteten frå private borehol. Vatnet er brunt og illeluktande. Viser til gamal kommunal bossfylling og massetipp i området, som har vore med å forverra vasskvaliteten.  Ber om at framføring av offentleg vatn inn til området vert prioritert.	Tiltak 44 er flytta frå uprioritert til prioritert tiltak.

Stine Waagsbø Lillebø	<p>Innspel på vegne av foreldre/føresette som har barn med alvorleg/kronisk sjukdom eller funksjonsvariasjon, noko som medfører auka forbruk av vatn, avlaup, renovasjon og straum.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Auka gebyr på vatn og avlaup, ber om ei løysing der ein ser om dette kan kompenserast</li> <li>- Renovasjon – ønskjer ein unntaksregel med utdeling av eit ekstra bosspenn utan kostnad</li> </ul>	<p>Gebyr knytt til denne tekniske planen er like for alle i kommunen. Eventuelle støtteordningar må søkast om gjennom andre kanalar slik som NAV.</p>
-----------------------	---	---

<p>Turøy Grendalag v/Jarle Ones Thorstensen og Tor Glistrup</p>	<p>Meiner planen har ein strategi for sentrale strøk, men manglar ein strategi for ytre strøk, for bygder utan vatn eller berre delvis med offentleg vatn.</p> <p>På Turøy er første trinn med framføring av offentleg drikkevatn gjennomført fram til «rundkjøringa» langs kommunal veg. Det manglar vidare framføring mot sør og vestsida av Turøy.</p> <p>Vidare meiner grendalaget at ØyVAR AS kan spele ein rolle som katalysator og koordinator i eit samarbeid mellom utkantar utan offentleg vatn og private entreprenørar innan VAO.</p> <p>Konkrete merknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Forslag U26 i planen framskundast til eit prioritert prosjekt ihht Kommuneplanen sin hovudstrategi og prioritering.</li> <li>- Det vert starta planlegging av vidare fordeling i Kalvanesvegen mot sør.</li> </ul> <p>Ønskjer ein strategiplan for bygdene i planen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Øyvar får rammer til å ansette ein prosjektleiar på ein midlertidig stillingsheimel inntil 4 år for å drive fram miniutbyggingar lokalt i grendene.</li> <li>- Utbyggingar vert finansiert ved spleiseling mellom dei private brukarane/grunneigarar og kommunen, med ein grad av sjølvkost og offentleg tilskot for eksempel pr. meter vassledning osv.</li> </ul>	<p>U26 vert ikkje prioritert i planperioden.</p> <p>Det utarbeidast ikkje strategiplan for bygdene og utbyggjarar må sjølv sørge for tilstrekkeleg infrastruktur til nye utbyggingar i kommunen.</p>
---	---	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Det skal utviklast ein standard for privat eige via eigne stifta lokale vasslag eller ein mal føreslått av ØyVAR AS</li> <li>- Dei einskilde private vasslag hentar inn pristilbod frå entreprenørar. Prosjektleiar ØyVAR AS bidrar med fagleg vurdering</li> <li>- ØyVAR AS bidar med rådgjeving om bygging, drift og vedlikehald knytta til dei felles private vasslaga</li> <li>- Kommunen vedtar ei lågare vassavgift og/eller tilkoblingsavgift som motytelse for eigenkostnad frå dei nye abonnentane</li> <li>- Ordninga testast ut på ei bygd f.eks Turøy i løpet av første halvår 2023, evaluerer og vert vedteke som permanent ordning i løpet av 2023</li> <li>- Dei administrative og økonomiske konsekvensane vert utgreidd i løpet av første kvartal slik at VAO planen kan bli vedtatt samla i løpet av andre kvartal.</li> </ul>	
--	---	--

Marin Eide AS	<p>Marin Eide AS ser det som problematisk at tiltak «U1 Apalvågen – Eide, nye leidningar for vatn og overvatn» er lagt til kategori «Uprioriterte tiltak».</p> <p>Marin Eide AS ber om at Øygarden kommune gjer vedtak som sikrar at tiltak U1 vert gjort om til eit prioritert tiltak og sikrar naudsynt vassforsyning til næringsområdet på Eide frå og med 2025.</p> <p>Næringsområdet på Eide vil verta utbygd trinnvis og mellom anna omfatta nytt kryss på Vestsidevegen og ved Eide/Knutadalen der det i ein tidleg fase er planlagt nye VA leidningar. Marin Eide AS ser det som naturleg at ein saman med kommunen og andre partar, herunder ØyVAR AS, kan finna gode felles løysingar slik at ein sikrar god framdrift og heilskapleg utvikling av infrastrukturen i området.</p>	<p>U1 vert ikkje prioritert i planperioden. Om denne skal prioriterast på eit seinare tidpunkt er avhengig av bygging av Vestsidevegen. Dersom det er behov for vatn til utbygging på Eide før Vestsidevegen vert bygd, kan utbyggjar for eigen kostnad framføre leidning i sjø frå Apalvågen til Eide.</p>
Sverre Lorentz Bungum	<p>Ønskjer løysing på kloakktihøva på Klokkarvik. I planen er dette tiltaket uprioritert og vert sett i samanheng med framtidig utbetring av Fv 198. Bygda Klokkarvik med om lag 500 innbyggjarar ligg utanfor vedteke senterstruktur og har gjennom politiske vedtak blitt ein utkant.</p> <p>Meiner kloakken som no går ureinsa til sjø må prioriterast og utbetraast og vil vere med på å gje bygda eit løft.</p>	<p>Det finst offentleg slamavskiljar i området ved Klokkarvik, samt fleire private anlegg. Tiltak nr U2 og U13 vert behaldne som uprioriterte i planen fordi dei er avhengige av vegutbetring for å kunne gjennomførast.</p>

Klokkarvik Grendalag, Sund Kystlag, Klokkarvik Båttag	<p>Ønskjer løysing på kloakktihøva på Klokkarvik. I planen er dette tiltaket prioritert og vert sett i samanheng med framtidig utbetring av Fv 198.</p> <p>Meiner kloakken som no går ureinsa til sjø må prioriterast og utbetrast og vil vere med på å gje bygda eit løft.</p>	Det finst offentleg slamavskiljar i området ved Klokkarvik, samt fleire private anlegg. Tiltak nr U2 og U13 vert behaldne som prioriterte i planen fordi dei er avhengige av vegutbetring for å kunne gjennomførast.

## **Merknader frå offentlege myndigheter**

Frå	Merknad/innspel	Kommentar frå kommunedirektøren
Statsforvaltaren i Vestland	<p>Presiserer at dei berre gjer uttale til den delen av planen som omhandlar avlaup.</p> <p>Minner om EU sitt framlegg til revidert avløpsdirektiv. Kan bety krav om sekundærrensing for renseanlegget på Storanipa.</p> <p>Kommunen må og merke seg at krav om sekundærrensing er foreslått for alle område større enn 1000 pe, uavhengig av resipient.</p> <p>Revidert avløpsdirektiv er planlagt vedtatt i mars/april 2024 og Øygarden kommune bør førebu seg på å revidere KDP VAO når nytt direktiv er vedteke og har tredd i kraft i Norge</p> <p>Oppmodar kommunen om å få på plass ein plan for systematisk tilsyn og oppgradering og at dette inngår som eit eige tiltak i planen.</p> <p>Understrekar at reinsekra i forskrifa er minimumskrav som alle anlegg skal oppnå og kommunen bør difor alltid ta stilling til om reinsekra til dei kommunale anlegga bør skjerpast utover minimumskrava, sjølv om anlegget ikkje er einaste kjelde til redusert miljøtilstand for recipient. Viser elles til nye moglege krav i nytt direktiv.</p> <p>Ved planlegging av ny busetnad er det viktig at kommunen i tillegg til å vurdere restkapasitet på anlegg og tar omsyn til om renseanlegget oppnår gjeldande reinsekra, og vurderer miljøtilstand og kapasitet i recipient og om reinsekra til anlegget er strenge nok. Minner om at alle løyve gjeve før 2007 bør oppdaterast til gjeldande forskriftskrav.</p>	<p><b>Nytt EU-direktiv:</b> Det er lagt inn oppdrag om at KDP VAO skal reviderast etter at nytt EU avløpsdirektiv er vedteke og har tredd i kraft.</p> <p><b>Private avløpsanlegg:</b> Kommunedelplanen legg opp til meir systematisk oppfølging av private avløpsanlegg, og det er satt inn oppdrag om å utarbeide ein plan for systematisk tilsyn og oppgradering. Det er også fleire oppdrag som omhandlar pålegg om tilknyting til offentleg nett, miljøundersøkingar og kartlegging.</p> <p><b>Reinsekra i forslag til nytt direktiv:</b> Vert tatt til orientering. Kommunedelplanen legg opp til ein gjennomgang og oppdatering av eldre utsleppsløyve.</p>

Vest Vannområde	<p>Meiner Kommunedelplanen ikkje fangar den alvorlege situasjonen verda står i med natur og klimakrise. Desse krisene gjer at det må planleggjast for framtida sine løysingar. EU direktivet for avløp tar denne situasjonen på alvor og kjem til å vedta innstrammingar i løpet av planperioden.</p> <p>For å oppnå god miljøtilstand i alle kommunen sine vannforekomstar er det nødvendig å sjå til komande regelverk i revidert EU direktiv, og i planen strekke seg lenge enn det ein gjer i dag.</p>	Vert tatt til orientering. Ved utarbeiding av kommunedelplanen er informasjon om miljøtilstand og resultat frå miljøundersøkingar gjennomgått og nytta som eit viktig grunnlag for prioritering av tiltak som skal gi redusert miljøbelastning. Kommunedelplanen skal også oppdaterast når nytt EU-direktiv er vedteke.
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	<p>Kartleggingsarbeidet om flaum og flaumvegar vil vera viktig i arbeid med arealplanlegging. Bør vurdere tilfelle med avvik mellom kartlegging og NVE sitt aksemkart før ein friskmelder areal som er vist som potensielt flaumutsett i NVE sitt aktsemkart.</p> <p>Oppmodar om at ein i planen tar stilling til kva som er akseptabel risiko for skade frå overvatn.</p> <p>Minner om at nye vassuttak/og eller auka uttak i høve eksisterande løyve må handsamast og godkjennast av NVE etter vassressurslova.</p>	<p><b>Aksemkart</b></p> <p>Det er presisert i planen at kartlegginga i denne planen er på eit overordna nivå og som ikkje erstattar NVE sitt aktsemkart. Det er lagt til eit oppdrag at det må gjerast meir detaljerte flaumvurderingar i områder kor det er avvik før ein friskmelder eit areal.</p> <p><b>Akseptabel risiko for skade frå overvatn</b></p> <p>NVE har ein tilråding til akseptabel risiko i rettleiar 4/2022 kapittel 4.1.2 som kan brukast dersom ikkje kartlegging i kommunen viser at eit anna risikoakseptennivå er meir forsvarleg. Det er behov for å auke kunnskapen om overvatn i Øygarden kommune og dette er inkludert som tiltak og oppdrag for planperioden. Kommunen legg til grunn NVE sin tilråding om akseptabel risiko i denne planen, men med eit oppdrag å gjera ein ny vurdering når planen vert revidert og det er auka kunnskap om overvatn i kommunen.</p> <p><b>Vassuttak</b></p> <p>Vert tatt til orientering.</p>
Vestland fylkeskommune	Fylkeskommunen har merknader til planforslaget når det gjeld kulturminne og kulturmiljø.	Vert tatt til orientering.

	Oppmodar om at ein ved utarbeiding av dei einskilde prosjekta nyttar tilgjengelege kjelder og databasar for å unngå konfliktar med kjende kulturminner/kulturmiljø	
Mattilsynet	<p>Tilbakemeldinga frå Mattilsynet gjeld drikkevatn.</p> <p>Dei ser positivt på:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• At kommunen vil kople flest mogleg til offentleg vassforsyning</li> <li>• At det vert planlagt tiltak som sikrar reservevassforsyning til alle vassverka</li> <li>• At det vert planlagt utskifting/fornyng av leidningsnett for å redusere lekkasjeprosenten</li> <li>• At de vil klausulere nedslagsfeltet til Kørelen</li> </ul> <p>Mattilsynet har elles ingen merknader til planen</p>	Vert tatt til orientering.

### **Samla tilråding frå Kommunedirektøren til endringar i plan etter høyringsperiode:**

Det er gjort mindre endringar i planen etter offentleg ettersyn. For detaljar vert det vist til vurdering av einskilde innspel. For investeringstiltak er det gjort ei endring, tiltak 44 (vassleidning i sjø frå Litla Ådnavika til Dala) er med bakgrunn i innspela gjort om frå eit prioritert til eit prioritert tiltak.